

Fredag kveld, 30.09., kjem Stig Børsheim til restauranten Oska i Uskedalen. Skodespelaren og musikaren vil det ha eit program med Olav H. Hauge. Han vil syngja og lesa dikt av diktarhovdingen frå Ulvik.

Stig Børsheim er oppvaksen i Uskedalen, men har budd mesteparten av sitt vaksne liv i Oslo. Der har han drive som fysioterapeut og akupunktør, og i tillegg har han vore svært aktiv innan musikk og teater. Dette har resultert både i fleire plateutgivingar og store teaterroller.

Børsheim, som har mykje slekt i Ulvik, har lenge vore i flokken av beundrarar av Olav H. Hauge si dikting. Dette har gjort at den dyktige musikaren har sett musikk til nokre av dikta til diktarhovdingen. Noko av resultatet kom på CDen «Nokre Fåe Songar» som vart lansert på Hauge-senteret i Ulvik i høve verdas poesidag i mars.

CDen har fått særdeles god mottaking. Vi kan trygt sei at superlativa frå lyttarane har hagla. Enkja etter Hauge, Bodil Cappelen, og trufaste Olav H. Hauge-beundrarar har vore begeistra. Dei gode tilbakemeldingane har kome på ulike vis, ja, det resulterte til og med i eit lengre lesarbrev frå ei som nyleg hadde kjøpt CDen. Så begeistra var ho!

Dei gode tilbakemeldingane er velfortente. Stig Børsheim formidlar dikta til oss på ein framifrå måte. Musikken og arrangementa er nydelege og godt tilpassa stemninga i tekstane. Han har ei vakker songrøyst som også framhevar dette. CDen er ei dikt- og musikkksamling som ein høyrer om att og om att. Fleire har meldt tilbake om at det er den musikksamlinga dei har høyrte mest på dei seinare åra. Den har selt svært godt også i Kvinnherad og er framleis i sal hos bokhandlarane på Husnes og i Rosendal og på Spar Uskedalen.

Stig Børsheim ønske å gje noko tilbake til barndomsbygda. Derfor er det gratis inngang til konserten fredag. For dei som ønskjer å toppa kvelden med eit herleg måltid byr SmakifråOska på eit rikhaldig buffé i timane før konsertstart kl.21. Her vert smakfulle varme og kalde rettar å velja i. Dei som ønskjer å vera med på denne middagen må bestilla på førehand.

Det bør bli folksamt på Oska denne kvelden med Olav H. Hauge sin poesi, Stig Børsheim sin vakre musikk og gode framføring, krydra med Roy Lervåg sine velsmakande rettar. Vi må trygt kunna sei at det er noko for einkvar smak.

Tekst: Thor Inge Døssland